



Retningslinjer for regionale midlar frå Klima- og miljøprogrammet i jordbruket (KMP)

Sett av Statsforvaltaren i Rogaland 15. januar 2021.

Regionale midlar frå Klima- og miljøprogrammet skal bidra til å måla i landbrukspolitikken på klima- og miljøområdet. Tilskotet skal nyttast til prosjekt som bidreg til å løyse dei regionale utfordringane.

Statsforvaltaren i Rogaland skal lyse ut midlane på sin heimeside når økonomisk ramme er kjend. I årleg utlysing av midlar kan Statsforvaltaren i Rogaland legge faglege prioriteringar. Dei faglege prioriteringane gir grunnlag for å prioritere mellom innkomne søknadar.

Det overordna målet er:

- Matproduksjonen basert på god ressursbruk og med minst mogleg forureining, tap av naturmangfald og klimaavtrykk

Kven kan søkje?

Alle føretak, lag og organisasjonar som arbeider med kunnskapsutvikling eller kunnskapsformidling kan søke om tilskot. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar i driftsmidlar som kan omsettast på marknaden etter prosjektslutt.

Statsforvaltaren kan støtte opp til 70 prosent av den totale kostnadsramma. Det kan maksimalt gis kr 200 000 i støtte til eit prosjekt. I særlege tilfelle kan Statsforvaltaren fråvike krav om eigenandel og maksimalt tilskot.

Søklarar skal sende søknaden på elektronisk søknadsskjema i Altinn.

Krav til søkjar og utbetaling av tilskot

Søklarar må bruke tilskotet i samsvar med vilkåra for tildelinga. Vilkåra og frist for gjennomføring går fram av vedtak om prosjektstøtte. Fristen for gjennomføring kan vere inntil tre år frå vedtaksdato. Dersom prosjektet ikkje er gjennomført innan gitt frist, kan søkjar miste retten til tilskot.

Søkjjarar må be om utbetaling ved å registrere «utbetalingsanmodning» i Altinn. Når søkjar sender førespurnad om utbetaling, godtek søkjaren vilkåra for tilskot.

Statsforvaltaren kan utbetale inntil 75 prosent av midlane etter kvart som prosjektet blir gjennomført. Dei resterande 25 prosentane vil bli haldt tilbake til rapport og rekneskap er godkjend. Søkjar står fritt til å bruke eigen rapportmal, men sluttrapporten skal innehalde informasjon om:

- Oppnådde mål
- Korleis prosjektet er gjennomført
 - Material og metode
 - Resultat
 - Diskusjon
 - Litteratur
- Eventuelle avvik frå prosjektsøknad
- Korleis resultatata av prosjektet er formidla
- Rekneskap

Søkjarane skal føre rekneskap på ein slik måte at Statsforvaltaren kan kontrollere at kostnadene er i samsvar med vilkåra for prosjektstøtta. Søkjarar skal føre eigne timelister der timebruk inngår som eigenandel i prosjektet. Statsforvaltaren kan kontrollere rekneskapen, og søkjarane er pliktige til å gi Statsforvaltaren dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre kontrollen.

Eventuelle endringar i prosjektet

Søkjarar skal så snart som mogleg gi beskjed til Statsforvaltaren om endringar i prosjektet som har betydning for økonomi, innhald eller framdrift. Statsforvaltaren avgjer om endringane får betydning for utbetaling av tilskot.

Vedtak og klage

Statsforvaltaren sitt svar på søknad om prosjektstøtte er eit enkeltvedtak. Vedtak fatta av Statsforvaltaren kan klagast på til Landbruksdirektoratet jf. kap. VI i lov av 10. februar 1967 om behandlingssaker (forvaltningslova).

Tilbakebetaling av tilskot og renter

Statsforvaltaren kan krevje utbetalt tilskot tilbake dersom det er skjedd feil i utbetalinga, eller det kjem fram forhold som er i strid med vilkåra for tilskot. Statsforvaltaren vil krevje tilbake feil utbetalt tilskot med mindre det er særlege grunner som for å ikkje gjere det.

Dersom mottakar av feil utbetalt tilskot ikkje var i aktsamt god tru om utbetalinga, kan Statsforvaltaren krevje renter frå det tidspunktet tilbakebetalingskravet kom fram til mottakaren av tilskot.

Feil utbetalt tilskot kan bli motrekna i seinare tilskotsutbetalingar frå Statsforvaltaren.